

UTVIKLINGSPLAN

2018-2019

Bø skule



1.0 Mål	3
1.1 Lesing	3
1.2 Inkluderande og trygt skulemiljø	3
2.0 Nå-situasjonen ved Bø skule	3
2.1 Nå-situasjonen knyta til lesing	3
2.2 Nå-situasjonen knyta til eit trygt og inkluderande skulemiljø	4
3.0 Kva treng Bø skule for å nå måla?	5
3.1 Behov - lesing	5
3.2 Behov - trygt og inkluderande skulemiljø	5
4.0 Avstand mellom nå-situasjon og kva me treng vidare	6
4.1 Avstand - lesing	6
4.2 Avstand - trygt og inkluderande skulemiljø	7
5.0 Tiltak	7
5.1 Tiltak - lesing	7
5.2 Tiltak – trygt og inkluderande skulemiljø	7
6.0 Gjennomføring av endringar	8
6.1 Gjennomføring av endringar knyta til lesing	8
6.1 Gjennomføring av endringar knyta til trygt og inkluderande skulemiljø	8
7.0 Vedlegg	Feil! Bokmerke er ikke definert.
Vedlegg 1: Resultat nasjonale prøvar 5. trinn, lesing.	Feil! Bokmerke er ikke definert.
Vedlegg 2: Resultat kartleggingsprøvar 1. – 3. trinn, lesing	Feil! Bokmerke er ikke definert.

1.0 Mål

Me har sett opp to mål. Det eine målet handlar om læringsresultat, lesing, og det andre målet handlar om læringsmiljøet, eit trygt og inkluderande skulemiljø. Måla er for så vidt ganske ulike, samtidig som det å ha eit trygt og godt miljø heng klart saman med elevane si læring og utvikling.

1.1 Lesing

Resultatet på nasjonale prøvar lesing (5. trinn og 8. trinn) skal vere på nasjonalt snitt eller over. På dei nasjonale kartleggingsprøvene 1. -3. trinn skal antal elevar på eller under bekymringsgrensa vere under 20%.

1.2 Inkluderande og trygt skulemiljø

Alle elevane skal oppleve å vere ein verdifull del av fellesskapet.

For at ein skal oppleve å vere ein verdifull del av fellesskapet, er inkludering viktig. Ikkje berre i leiken, men også i undervisninga. Når me knyter dette til læring, handlar det om deltaking og inkluderande pedagogikk (Black-Hawkins 2014).

2.0 Nå-situasjonen ved Bø skule

Me flytta inn i ny skule hausten 2016. Elevtalet aukar mykje kvart år, og tilsvarande med personal. Me kjenner på noko «veksesmerter» i samband med dette, og det har gått, og går mykje tid til å samkjøre reglar og rutinar, og nye måtar å organisere på.

Skulen er bygd opp med basar for kvart trinn med ulike læringsrom. Elevane har ikkje fast klasserom, og ein stor del av undervisninga i basisfaga norsk og matematikk føregår i stasjonar. Dette har vore prøvd ut systematisk på 1. trinn over 2 år, og meir sporadisk på dei andre trinna. Frå hausten 2018 skal alle trinna ha stasjonsundervisning.

2.1 Nå-situasjonen knyta til lesing

Lesing har vore eit satsingsområde på Bø skule i fleire omgangar i løpet av dei 10 siste åra. Det har vore ulike tiltak i varierende grad. Likevel ser me lite endring på resultat. På nasjonale prøvar på 5. trinn ligg det jamt under nasjonalt nivå. Dei tre siste åra har resultatata på lesing vore høvesvis 47, 49 og 48.

Det er ein stor del av elevane på nivå 1, om lag halvparten på nivå 2, og litt for lite elevar som endar på nivå 3. Sjå vedlegg 1, resultat nasjonale prøvar 5. trinn, lesing.

Kartleggingsprøvene i lesing for 1. – 3. trinn viser framgang for elevar på 1. trinn, det er færre elevar på eller under bekymringsgrensa. Men i løpet av 2. trinn og 3. trinn er det fleire elevar på eller under bekymringsgrensa, våren 2017 er det frå 22% til 49% av elevane på 2. trinn og frå 17% til 33% av elevane på 3. trinn. Sjå vedlegg 2, resultat kartleggingsprøvar lesing 1. – 3. trinn.

Bø skule har vore med i utviklinga av nettbasert Aski Raski. Dette har vorte brukt i ulik grad på nokre trinn, både når det gjeld å kartlegge og setje inn tiltak. I tillegg vert det brukt SOL, systematisk observasjon av lesing, på alle elevane.

Våren 2017 vart det oppretta ei ressursgruppe i lesing. Dei arbeider blant anna med å få oversikt på kva me har, kven har kompetanse på kva, oppsett av ulike kartleggingsprøvar, kompetanseheving i i gruppa og i personalet, lærebøker og læringsmateriell.

Dei to siste skuleåra har me arbeidd med ulike pakkar innanfor «Språkløyper», nasjonal strategi for språk, lesing og skriving. Tilbakemelding frå personalet er at dette er eit veldig bra opplegg, men at det i den siste tida har vore noko «sløvt» når det gjeld mellomarbeidet som skal gjerast.

2.2 Nå-situasjonen knyta til eit trygt og inkluderande skulemiljø

Bø skule har gode resultat på elevundersøkinga. Sjå vedlegg 1. Hausten 2016 såg me at talet på elevar som opplevde mobbing gjekk noko opp. I Jærskulen gjekk det ut tilbod om å vere med i den nasjonale satsinga «inkluderande barnehage- og skulemiljø», og me melde vår interesse.

Me tenkte at dette kunne vere eit lurt grep for å klare å halde trykket oppe i arbeidet med eit trygt og inkluderande skulemiljø, få noko fagleg påfyll, og at det var eit prosjekt som famna alle, både i ordinær skule og på ATO-avdelinga. I tillegg kom det nytt regelverk knyta til §9A i Opplæringslova august 2017.

Våren 2017 har personalet fått høyre Pål Roland i lag med dei andre skulane og barnehagane som deltek i Jærskulen.

Elevane trivest på Bø skule, og me gjer mykje bra for å skape fellesskap, venskap og eit trygt miljø. Me fokuserer på våre elevar framfor mine og dine, og me tenker trinn i staden for fleire klassar.

3.0 Kva treng Bø skule for å nå måla?

3.1 Behov - lesing

Når lesing har vore eit satsingsområde over så lang tid, treng me å gjere dette på ein annan måte. Me treng ikkje å gjere meir av det me allereie gjer, men me må prøve å gjere det annleis.

Me må fjerne ulike tidstjuvar i samband med reglar, rutinar og organisering, slik at me kan nytte tida mest mogleg effektivt inn mot fagleg læring og utvikling.

Alle må kjenne at dei har ansvar for leseopplæringa, det er ikkje berre dei som har norsk. Meir tematisert for å få lesing inn i fleire fag

Kompetanseheving, både når det gjeld lese- og skriveopplæring og den vidare opplæringa i lesing. Når elevane har lært å lese, kva er neste steg? Systematisk arbeid med strategiar, opplæring for alle i nettbasert Aski Raski og oppfølgingskurs i SOL.

Me treng å endre praksis. Me treng å luke vekk ting som vert gjort fordi det er slik det alltid har vorte gjort. Me treng ei bevisstgjering på kvifor me gjer det me gjer, og kva er det som gjev resultat. Me treng å forske på eiga undervisning og eigen praksis.

3.2 Behov - trygt og inkluderande skulemiljø

For å sjå på kva me treng for å nå målet om at alle elevane skal oppleve å vere ein verdifull del av fellesskapet, tek me utgangspunkt i Bergkastet (2018) sin modell for eit godt læringsmiljø.



Bergkastet 2017

Strukturelt er det behov for oppfrisking av regelverket, og me treng å utarbeide ei sjekklister for arbeid med eit godt skulemiljø.

Når det gjeld kommunikasjon og relasjon, er det behov for å auke kvaliteten på tilsyn i friminutta.

Me treng noko påfyll knyta til inkluderande pedagogikk og deltaking, og fokusere på den autoritative vaksne. Me må lage ein felles mal for tydeleg klasseleing.


Det vil også vere eit behov for avklaring av målet i lag med elevane. Korleis tenker elevane om kva det vil seie å vere ein verdifull del av fellesskapet?

4.0 Avstand mellom nå-situasjon og kva me treng vidare

4.1 Avstand - lesing

Avstanden mellom nå-situasjonen og kva me treng for å kome dit, er i utgangspunktet ikkje så stor. Den største utfordringa ligg i å finne nye måtar å arbeide med lesing på, og på den måten få til ei endring av praksis.

Etter så mange år med lesing som satsingsområde, er det ikkje fleire og nye verktøy me treng, men me treng å sjå på lesinga i eit nytt perspektiv, sleppe gamle handlingsmønster for til slutt å få til ny praksis. Sjå modellen nedanfor (Carl Otto Scharmer).



4.2 Avstand - trygt og inkluderande skulemiljø

Ut frå resultat på elevundersøkinga er avstanden mellom målet me har sett, og kva me treng for å nå målet veldig liten. Den største utfordringa ligg i å få arbeid med prosjektet «inkluderande barnehage- og skulemiljø» inn i heile skulen, både ordinær skule og på ATO-avdelinga.

5.0 Tiltak

5.1 Tiltak - lesing

- Fjerne tidstjuvar. Det skal setjast opp reglar, rutinar og standardar for organisering og undervisning som gjeld for alle. På den måten får me rydda tid til meir faglege drøftingar, utvikling og læring.
- Kompetanseheving. Kartlegge kva det er behov for, og setje inn tiltak i høve det. Tydeleggjere den vidare leseopplæringa etter at elevane har lært å lese teknisk. Diverse kurs internt, SOL og Aski Raski.
- Forske på eiga undervisning. Kva vert gjort? Kvifor? Kva må me endre? Korleis? Grunnje vala med anna forskning, finne «state of the art», endre praksis.
- Tematisering. Me set opp 4 felles tema for alle elevane frå 1. – 7. trinn, kvart tema på 2 veker. Personalet kan kome med innspel på kva desse temaa skal vere. Det vert opp til kvart trinn å finne mål frå læreplanen som passar slik at ein kan inkludere flest mogleg fag. Temaet skal vise igjen i lesing, på biblioteket, i kantina, rundt på skulen, i andre fag osv.
- «Språkløyper». Ut frå samtalar med personalet, og med tanke på at dette har me arbeidd med i to år, tenker me at det ikkje er der det største læringsutbytte ligg nå. Dette arbeidet kan eventuelt takast opp att våren 2019 om me ser det er behov for det.

5.2 Tiltak - trygt og inkluderande skulemiljø

- Gjennomgang av regelverk. Arbeid med case.
- Lage sjekklister for systematisk arbeid med eit godt skulemiljø. Udir.no har eit godt oppsett.
- Samtalar og drøfting rundt tilsyn i friminutt. Lage ein felles standard.
- Samlingar og lesebestillingar knyta til prosjektet «inkluderande barnehage- og skulemiljø».
- Lage ein felles mal for tydeleg klasseleiing. NOVA-rapport 14/2015.
- Få med elevstemmen.

6.0 Gjennomføring av endringar

6.1 Gjennomføring av endringar knyta til lesing

Arbeidet med lesing er komplekst, og det er mange faktorar som spelar inn. Me skal arbeide med alt frå avkoding til leseglede, finne relevant teori og forske på eiga undervisning for å endre praksis.

Det skjer lite endring i organisasjonen fordi om me har ulike kurs og samlingar om lesing. Viss me kan få til eit godt systematisk arbeid med lesing slik som U-teorien til Carl Otto Scharmer skisserer, har me større moglegheit for å lykkas med å få til endringar knyta til lesing.

6.1 Gjennomføring av endringar knyta til trygt og inkluderande skulemiljø

Dette er noko me alltid arbeider med i skulen, og som interesserer alle. Me har eit godt grunnlag på Bø skule å byggje vidare på, så det er derfor stor sannsynlegheit for at me vil lykkast med å gjennomføre endringar.